



# Innst. O. nr. 106

(2002-2003)

## Innstilling til Odelstinget frå justiskomiteen

Ot.prp. nr. 51 (2002-2003)

### Innstilling frå justiskomiteen om lov om endringar i straffelova mv. (styrka innsats mot tvangsekteskap mv.)

Til Odelstinget

#### 1. HOVUDINNHALDET I PROPOSISJONEN

Dei fleste forslaga i proposisjonen har til føremål å motverke tvangsekteskap. Departementet foreslår for det første å gjere det tydeleg i lova at det å tvinge nokon til å inngå ekteskap kan rammast av straffelova § 222 om tvang, og at den skjerpa strafferamma på fengsel i 6 år kan vere aktuell i slike tilfelle. Vidare foreslår departementet å gjere påtala offentleg utan vilkår i § 222 om tvang og i § 227 om truslar. Departementet gjer dessutan framlegg om å gjere det straffbart å inngå ekteskap eller partnerskap med nokon som er under 16 år, eller å medverke til dette.

Proposisjonen inneheld også enkelte andre forslag. Departementet gjer såleis framlegg om å heve strafferammene i straffelova § 155 om spreieing av allmennfarleg smittsam sjukdom og i § 390 a om om-synslaus framferd.

Departementet foreslår vidare at kompetansen til å handsame søknader om valdsoffererstatning i første instans blir overført frå fylkesmennene til ei sentralisert eining. Sentraliseringa er varsla i St.prp. nr. 1 (2002-2003). Den sentrale førsteinstansen vil bli lagt til Vardø. Ei sentralisering av førsteinstansbehand-linga krev endringar i valdsoffererstatningslova.

#### 2. BAKGRUNNEN FOR LOVFORSLAGA

Regjeringa la i april 2002 fram eit tiltaksprogram om tvangsekteskap. Justisdepartementet sendte i desember 2002 på høyring forslag til endringar i straf-

felova, som først og fremst tok sikte på å følgje opp punkt 8 og 9 i tiltaksprogrammet, som er dei punkta Justisdepartementet har ansvaret for.

Departementet sendte samstundes forslaga om endringar i valdsoffererstatningslova på høyring.

#### 3. TILTAK MOT TVANGSEKTESKAP

##### 3.1 Straff ved tvangsekteskap - endringar i straffelova § 222 om tvang

##### *Samandrag*

Norsk strafferett har ikkje nokon eigen strafferegel som rettar seg uttrykkjeleg mot det å tvinge fram eit ekteskap. Men slik tvang kan etter omstenda bli straffa etter den allmenne lovføresegna om tvang i straffelova § 222.

Departementet uttalte i høyringsnotatet at rettsstillinga for dei som blir utsett for slike overgrep som eit tvangsekteskap er, bør styrkast. Departementet meinte likevel at det ikkje er grunn til å utvide grensene for det straffbare. Derimot gjekk departementet inn for at det blir teke inn ei presisering i § 222 om tvang, som vil gjere det klårt at tvangsekteskap er omfatta av strafferegelen og understreke at den skjerpa strafferamma kan nyttast ved slik tvang. Departementet gav likevel uttrykk for ein viss tvil når det gjaldt den nærmare utforminga av dette tillegget. Departementet la til grunn at det er mindre naudsynt med ei tilsvarande endring av § 227 om truslar, men oppmoda høyringsinstansane til å uttale seg også om dette.

Forslaget om ta inn ei presisering i straffelova § 222 om at tvangsekteskap blir ramma av paragrafen, og å få tydeleg fram at den skjerpa strafferamma kan nyttast ved slik tvang, får brei støtte av høyringsinstansane. Dei fleste høyringsinstansane stør det lovframlegget som blei kalla alternativ 1 i høyrings-

notatet, det vil seie at det å tvinge nokon til å inngå ekteskap skal vere eit skjønsmessig moment i vurderinga av om straffskjerpingsalternativet kan nyttast.

Høyringa har styrka departementet i sitt syn på at det er grunn til å få klårt fram at det er straffbart å tvinge nokon til å inngå ekteskap, men at det ikkje er behov for å utvide grensene for det straffbare når det gjeld tvangsekteskap. Rett nok er det vanskeleg å trekkje grensene for kva som er straffbart, slik også fleire av høyringsinstansane har vore inne på. Men etter departementet si meining er dette ikkje noko argument for å utvide grensene for det straffbare. Ei utviding vil ikkje utan vidare gjere det enklare å trekkje desse grensene. Og uansett er det brei semje om at straffeheimelen ikkje skal gripe inn i framande kultur sin praksis med å arrangere ekteskap, så lenge det skjer på frivillig basis. Departementet held fast ved framlegget om å endre straffelova § 222 om tvang, slik at det skal gå klårt fram av straffebudet at det rammar det å tvinge nokon til å inngå ekteskap, og at strafferamma også i slike tilfelle kan gå opp i 6 års fengsel, som ved andre særleg skjerpande omstende.

Høyringa har elles gjort departementet viss på at det å tvinge nokon til å inngå ekteskap bør inngå som eit moment i straffskjerpingsvurderinga, og ikkje føre til ei unntaksfri heving av strafferamma. Det blir difor gjort framlegg om å endre straffelova § 222 i samsvar med lovutkast 1 i høyringsnotatet.

Departementet ser ikkje grunn til no å foreslå ei tilsvarande endring i § 227 om truslar. Høyringa har vist at dette heller ikkje blir vurdert som sentralt av høyringsinstansane. Men det kan bli aktuelt å sjå på spørsmålet på ny ved utforminga av ny straffelov når alle straffskjerpingsomstende vil bli tekne opp til ny vurdering.

### ***Merknader frå komiteen***

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Anne Helen Rui, Ola Røtvei og Bernt Egil Torp, fra Høyre, Carsten Dybevig, lederen Trond Helleland og Linda Cathrine Hofstad, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen og André Kvakkestad, fra Kristelig Folkeparti, Geir Øystein Andersen og Einar Holstad og fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, har merket seg at Justisdepartementet gjennom forslag til endring i straffeloven § 222 følger opp Regjeringens tiltaksplan mot tvangsekteskap. Lovendring på strafferettens område er ifølge tiltaksplanen ett av flere tiltak for å forhindre tilfeller av tvangsekteskap. På denne bakgrunn er komiteen glad for at det på straffelovens område nå foreslås en endring som tydeliggjør

at tvangsekteskap er forbudt i Norge. Komiteen vil imidlertid presisere at lovtiltak alene ikke er tilstrekkelig for å forhindre tvangsekteskap. Kunnskap om tiltaksplanen og endringen i straffeloven må etter komiteens mening ytterligere gjøres kjent blant befolkningen. Dette er ikke minst viktig av allmennpreventive hensyn, og av hensyn til den som utsettes for tvang i relasjon til inngåelse av ekteskap.

Komiteen vil understreke at det skal være frivillig å inngå avtale om ekteskap. Muligheten til selv å velge den man vil gifte seg med er en grunnleggende menneskerettighet, jf. FNs Verdenserklæring om menneskerettigheter art. 16. Komiteen har med bekymring sett at tvangsekteskap i Norge er mer utbredt enn man tidligere var klar over, og er derfor opptatt av at rettsstillingen til dem som rammes må styrkes. Videre vil komiteen sende ut klare signaler til dem som utøver tvang i relasjon til ekteskapsinngåelse om at dette er straffbart.

Komiteen viser til at tvangsekteskap allerede i dag er straffbart etter bestemmelsen om rettsstridig tvang i § 222 første ledd. Komiteen ser imidlertid at det er et behov for å løfte frem tvangsekteskap i et eget straffebud. Videre er det viktig for komiteen å tydeliggjøre at det å tvinge noen til å inngå ekteskap er straffbart. Komiteen presiserer at utilbørlig press og trusler er vanligere enn fysisk tvang ved denne typen inngåtte ekteskap. Selv om utilbørlig press vil kunne rammes av forbud mot tvangsekteskap som en følge av forståelsen av begrepet "annen rettsstridig adferd", foreslår komiteen likevel dette tydeliggjort ved at det nevnes uttrykkelig i bestemmelsen.

Komiteen mener at hva som skal regnes som "tvang" i relasjon til tvangsekteskap, må presiseres av lovgiver gjennom merknader til loven. Etter komiteens oppfatning er det derfor mest hensiktsmessig å etablere en egen straffebestemmelse for tvangsekteskap.

Komiteen vil påpeke at man i utgangspunktet skal vise tilbakeholdenhet med å gi egne straffebud for handlinger som allerede kan rammes av andre straffebud. Når komiteen her likevel gjør et unntak, er det på grunn av at sterke allmennpreventive og pedagogiske hensyn tilsier at det er hensiktsmessig med et eget straffebud om tvangsekteskap. Forslaget til ny § 222 første ledd andre punktum og nytt tredje punktum foreslås derfor av komiteen strøket. Straffeloven § 222 første ledd forblir da uendret. Komiteen foreslår å ta inn et nytt § 222 annet ledd:

"Nytt § 222 annet ledd skal lyde:

For tvangsekteskap straffes den som ved vold, frihetsberøvelse, utilbørlig press eller annen rettsstridig atferd eller ved å true med slik atferd tvinger noen til å inngå ekteskap. Straffen for tvangsekteskap er

fengsel inntil 6 år. Medvirkning straffes på samme måte.

Nåværende § 222 annet ledd blir tredje ledd."

Komiteen har merket seg at man i proposisjonen uttaler at de nærmere grenser for det straffbare må fastlegges gjennom rettspraksis. Komiteen vil presisere at på områder som gjelder brudd på grunnleggende menneskerettigheter og alvorlige overgrep, er det lovgivers oppgave å veilede i forhold til hvordan loven skal anvendes. Rettspraksis etter § 222 første ledd kan imidlertid etter komiteens mening være relevant for tolkningen av nytt § 222 annet ledd.

Komiteen oppfatter tvang som det å *sette noen ut av stand til å handle frivillig*. Dette vil ved tvangsekteskap bety at den som inngår ekteskapet rent faktisk har vært utsatt for et press. Men rettsstridig atferd kan også være rettet mot andre som står i et slikt forhold til den som inngår ekteskap, at vedkommende tvinges til å handle mot sin vilje. Tvangen må dessuten være utøvet ved *rettsstridig atferd eller ved trussel om slik atferd*. Grove og klare eksempler på rettsstridig atferd er det etter komiteens oppfatning dersom en eller begge parter faktisk blir utsatt for vold eller for frihetsberøvelse. Tilsvarende gjelder dersom en person blir utsatt for vanskjøtsel til vedkommende aksepterer å inngå ekteskap. Dersom en person blir forledet ut av landet og giftet bort, vil det etter komiteens mening også kunne ansees som ekteskap inngått etter rettsstridig atferd. Komiteen vil fremheve at når den handlingen som utgjør trusselen i seg selv er straffbar, vil den også være rettsstridig. Dersom en eller begge parter i forkant av ekteskapet for eksempel er blitt truet med at de vil bli utsatt for vold dersom de ikke gifter seg med hverandre, vil dette etter komiteens oppfatning være rettsstridig. Komiteen vil påpeke at en handling etter omstendighetene kan være rettsstridig selv om den ikke er straffbar i relasjon til straffelovens øvrige bestemmelser eller lovgivningen for øvrig. Om det press som utøves er så alvorlig at det er å regne som rettsstridig, må avgjøres etter en konkret vurdering. Viktige momenter vil i den forbindelse være hva presset består i, varigheten av presset og hvor sterkt det er.

I høringer den 30. april 2003 ble komiteen gjort kjent med at trusler og psykisk tvang nok er vanligere enn fysisk tvang ved tilfeller av tvangsekteskap i Norge. Komiteen vil presisere at psykisk tvang vil kunne rammes av forbudet mot tvangsekteskap. For eksempel vil trusselen om å fullstendig avskjære en person fra familien om vedkommende ikke gifter seg, kunne utsette personen for et så sterkt press at trusselen er rettsstridig. Videre vil komiteen påpeke at ulike former for psykisk press, som en-

keltvis ikke er å anse som rettsstridig adferd i straffelovens forstand, må vurderes samlet i relasjon til spørsmålet om det i det konkrete tilfellet har forekommet rettsstridig adferd eller tvang.

Komiteen vil understreke at tvangsekteskap er noe annet enn arrangerte ekteskap. Begrepet arrangerte ekteskap henspiller etter komiteens mening til at familien deltar aktivt for å finne eller foreslå kandidater til ektemake. Avgjørende for spørsmålet om det foreligger tvang, blir om forslaget til ektemake reelt gir den unge en mulighet til å takke nei. Dersom det arrangerte ekteskap er inngått fordi en part er utsatt for et press, og dette presset er så utilbørlig at vedkommende opplever å ikke ha et valg, vil det etter komiteens mening være straffbar tvang.

Komiteen har merket seg at Regjeringen foreslår å endre § 222 første ledd om tvang slik at det skal gå klart frem av straffebudet at det rammer det å tvinge noen til å inngå ekteskap, og at strafferammen også i slike tilfelle skal være 6 års fengsel, som ved andre særlig skjerpene omstendigheter. Etter komiteens mening vil den rettsstridige tvang ved tvangsekteskap være så alvorlig at strafferammen må være tilstrekkelig vid til også å omfatte grove tilfeller. Komiteen viser i denne forbindelse til ny straffelov § 220 første ledd hvor strafferammen er foreslått satt til fire år og vil bemerke at tilfellene som kan rammes av ny straffelov § 222 annet ledd, vil kunne være mer alvorlige enn i ny § 220. Komiteen er derfor kommet til at det er nødvendig med en seks års strafferamme her.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, viser til merknaden til Sosialistisk Venstreparti og vil i den forbindelse påpeke at flere av de foreslåtte tiltak allerede er iverksatt eller bevilget penger til.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti ser behovet for å tydeliggjøre alvorret i bruk av tvang i forbindelse med ekteskapsinngåelser i straffeloven. Dette medlem mener imidlertid at straffeloven alene i de fleste sammenhenger verken er et tilstrekkelig eller et godt egnet virkemiddel for å bekjempe tvangsekteskap. Dette medlem erkjenner at omfanget av psykisk press, for eksempel trusselen om utstøtelse fra familie og sosialt miljø, ikke lar seg lovregulere, men må bekjempes på andre måter. Uten at trusselen om straffeforfølgelse følges av en skikkelig satsing på et sosialfaglig og migrasjonsfaglig støtteapparat rundt mennesker som lever under tvang eller frykter represalier, risikerer vi at loven blir mer til byrde enn til hjelp for dem den er ment å trygge.

Dette medlem mener de beste virkemidlene mot tvangsekteskap er helt andre enn de virkemidle-

ne justissektoren har til rådighet. Introduksjonsprogrammer med obligatorisk norskopplæring for alle som får oppholdstillatelse i Norge, en internasjonal avdeling av barnevernet, tilgang til fosterfamilier og kriseboliger med sikkerhet, styrking av frivillige organisasjoner, krav om at ekteskapsinngåelse skal skje borgerlig, styrking av det internasjonale samarbeidet mot tvangsekteskap, er eksempler på tiltak som dette medlem mener kunne ha stor betydning for arbeidet mot denne typen maktovergrep. I tillegg er det viktig å arbeide kontinuerlig for å heve kompetansen på dette feltet innen hjelpeapparatet, samt å arbeide for økt forståelse for unges ønsker om å få ta sine egne valg. Dette medlem fremmer følgende forslag:

1. Stortinget ber Regjeringen opprette en internasjonal avdeling i barnevernet.
2. Stortinget ber Regjeringen legge til grunn at vigsel kun skal utføres av notarius publicus (dommer i tingretten) med utgangspunkt i dagens borgerlige vigsel."

Videre viser dette medlem til Sosialistisk Venstrepartis merknader og forslag til Ot.prp. nr. 28 (2002-2003), Introduksjonsprogrammer for nyankomne innvandrere, hvor Sosialistisk Venstreparti bl.a. ber Regjeringa utrede en introduksjonsordning for familiegjenforente. For dette medlem er det uforståelig at Regjeringa tydeligvis mener at opplæring i norsk språk og arbeidsliv, kunnskap om samfunnet, om rettigheter og om plikter, ikke er noe alle bør få tilgang til når de får opphold i Norge.

### 3.2 Påtalereglane i straffelova § 222 om tvang og § 227 om truslar

#### *Samandrag*

Påtala etter straffelova § 222 om tvang er som hovudregel offentlig utan vilkår. Dersom tvangen er retta mot nokon av gjerningspersonen sine næraste, stiller dette seg annleis. For påtale blir det då kravd at det ligg føre krav om påtale frå den fornærma, eller at allmenne omsyn tilseier påtale. Når det gjeld § 227 om truslar, er påtala som hovudregel gjort på vilkår av krav om påtale frå den fornærma utan omsyn til forholdet mellom den fornærma og gjerningspersonen.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å oppheve dei særlege påtalereglane i straffelova § 222 tredje ledd og § 227 andre ledd.

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane går inn for å gjere påtala etter straffelova §§ 222 og 227 offentlig utan vilkår. Ingen av dei høyringsinstansane som stør departementet sitt forslag, går inn for å sonde mellom tvangsekteskap og andre former for tvang og truslar.

Departementet held fast ved framlegget om å oppheve dei særlege påtalereglane i straffelova § 222 tredje ledd og § 227 andre ledd.

#### *Merknader frå komiteen*

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, støtter forslaget om ubetinget offentlig påtale i saker om tvang etter § 222 og trusler i § 227. Forslaget vil gjelde all tvang og trusler. Flertallet har merket seg at flere høyringsinstanser har uttalt seg negativt til forslaget om ubetinget offentlig påtale.

Når det gjelder tvang og trusler, ser flertallet at det i tilspissede situasjoner mellom for eksempel foreldre og barn, vil kunne være en ytterligere belastning for den som er fornærmet dersom påtale krever dennes begjæring. Derfor er det avgjørende at den fornærmede fritas for ytterligere press. Dette vil etter flertallets mening best oppnås ved at man fjerner påtaleansvaret fra dem som rammes og overfører det til påtalemyndighet. Flertallet vil understreke at den har tillit til at påtalemyndigheten utøves skjønnsonst i saker etter både straffeloven § 222 og § 227, og vil påpeke at den fornærmede rent faktisk vil ha stor innflytelse på om tvang eller trusler blir kjent og pådømt. Den fornærmede har i mange tilfeller for eksempel rett til å nekte å forklare seg.

Flertallet vil påpeke at det å tvinge noen til å inngå ekteskap, er et meget alvorlig overgrep. Disse medlemmer minner om at det her er tale om alvorlige menneskerettsbrudd. I saker vedrørende hjemmenvold har man offentlig påtale. Tilsvarende i flere andre kriminalsaker av alvorlig karakter. Det vil etter flertallets oppfatning derfor være rart om ikke det samme skal gjelde ved tilfeller av tvangsekteskap.

Flertallet vil også påpeke at den som tvinger en nærstående til å gifte seg, også vil ha det i sin makt å tvinge vedkommende til ikke å anmelde forholdet. Ubetinget offentlig påtale vil derfor gjøre det mulig å strafforfølge mer effektivt. På den annen side vil påtalemyndigheten ofte være avhengig av at den fornærmede samarbeider. Derfor er faren ikke så stor for at det tas ut tiltale helt i strid med den fornærmedes ønsker. Flertallet vil minne om at det offentlige hjelpeapparatet oftest har taushetsplikt. Faren for at en bønn om hjelp medfører tiltale skulle derfor heller ikke være stor.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti har tidligere vært en pådriver for innføring av offentlig påtale i saker som angår familievold. I saker som angår tvangsekteskap tror imidlertid dette medlem ikke at situasjonen blir enklere ved en endring av loven slik departementet foreslår. Dette medlem frykter at innføring av

*ubetinget* offentlig påtale kan få uønskede konsekvenser ved at terskelen for å oppsøke det offentlige hjelpeapparat vil kunne heves, fordi en bønn om hjelp kan medføre at det tas ut påtale mot fornærmedes vilje. Tvangsekteskap skiller seg fra for eksempel familievoldssaker, fordi det ofte er hele familien og eventuelt også slekta som står bak den psykiske og fysiske tvangen. Dette medlem mener den adgangen til å ta ut offentlig påtale som i dag ligger i loven, er tilstrekkelig. En innføring av ubetinget offentlig påtale tror dette medlem vil være mer til skade enn til gagn. Et eksempel er hva som vil skje dersom en kvinne eller en mann ved sivil dom får opphevet et tvangsekteskap: Vil påtalemyndigheten, når den får kjennskap til en slik sak, alltid ta ut påtale etter straffeloven? I så fall vil dette kunne hindre at utsatte ber om å få slike ekteskap opphevet. Vi skal ikke undervurdere menneskers frykt for å miste hele sin familie og kanskje hele sitt nettverk. Dersom resultatet av en bønn om hjelp eller et opphevet ekteskap blir at familien settes i fengsel, vil det være sannsynlig at terskelen for å be om hjelp heves.

Dette medlem viser til den uro for eksempel Oslo Røde Kors Internasjonale Senter har uttrykt om at ubetinget offentlig påtale i tvangsekteskapsaker kan vanskeliggjøre det forebyggende arbeidet, og at det vil bli vanskeligere å bruke megling som virkemiddel i familiekonflikter der tvang er et element. Frykten for å miste sine nærmeste, selv i situasjoner der disse utøver eller truer med å utøve tvang, kan være så stor at det gjør det vanskelig å oppsøke hjelp for å løse problemet. Dette medlem mener likevel det finnes situasjoner der tvangsbruken noen utsettes for er så grov og så omfattende at det kan være riktig å ta ut påtale uten at fornærmede ber om det. Dette medlem viser til at påtalemyndighetene allerede har denne muligheten, ved at man kan erklære allmenne hensyn. Dette medlem mener derfor at det eksisterende lovverket må tas i bruk mer aktivt, framfor å endre påtalereglene i straffeloven, slik det foreslås i denne proposisjonen.

### **3.3 Å inngå ekteskap i strid med ekteskapslova § 1**

#### ***Samandrag***

Eit av vilkåra for å inngå ekteskap er at ein har fylt 18 år. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå aldersgrensa dersom særlege grunnar tilseier det. Det medfører ikkje strafferettsleg ansvar om nokon inngår ekteskap i strid med ekteskapslova § 1. Dette stiller seg annleis ved brott på forbodet mot ekteskap mellom nære slektningar, og forbodet mot ekteskap når tidlegare ekteskap består (bigami). Brott på desse reglane medfører ikkje berre at ekteskapet kan krevjast oppløyst utan at ein er separert på førehand. Det blir også ramma av straffelova.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å gjere det straffbart å inngå ekteskap med nokon under 16 år eller å medverke til dette. Departementet uttrykte ein viss tvil om kva for aldersgrense som burde gjelde.

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane stør framlegget om å gjere det straffbart å inngå ekteskap med nokon under 16 år eller å medverke til dette. Ingen av høyringsinstansane går inn for at aldersgrensa blir sett til 15 år.

Høyringsfråsegnene har vist at det er brei semje om departementet sitt framlegg om å gjere det straffbart å inngå ekteskap med nokon under 16 år eller å medverke til at nokon under 16 år inngår ekteskap. Departementet held difor fast ved forslaget. Førebels vil fylkesmannen ha kompetanse til å godkjenne eit slikt ekteskap, sjølv om det etter praksis skal heilt særigne omstende til for at eit slikt samtykkje vil bli gjeve. Ofte vil tvangsekteskap vere brott med fleire straffebod. Ingen av høyringsinstansane har sagt seg usamd i at § 220 bør kunne nyttast saman med § 222 om tvang, og departementet held fast ved framlegget på dette punktet.

Departementet held på bakgrunn av høyringa også fast ved at skuldkravet skal vere forsett, men foreslår at alderen ikkje skal vere eit reint objektivt vilkår for straff. Departementet er samd med riksadvokaten, som meiner at ein bør knyte eit krav om aktløyse til dette vilkåret.

Som departementet heldt fram i høyringsnotatet, bør den nye straffeheimelen kunne nyttast ved ekteskap som blir inngått i utlandet av norsk statsborgar eller andre som høyrer heime i Noreg, men ikkje ved ekteskap som er inngått av utlending i utlandet. Det avgjerande er kva for tilknytning vedkomande har til Noreg på tidspunktet då ekteskapet blei inngått.

#### ***Merknader frå komiteen***

Komiteen vil fremheve at det å inngå ekteskap skal være basert på frivillighet og forståelse for hvilke praktiske, familiemessige og juridiske konsekvenser ekteskapet medfører.

Komiteen viser til at barn i annen lovgivning gis rett til særlige beskyttelsestiltak i kraft av å være fysisk og psykisk umodne. Barn skal sikres slik at det ikke arrangeres giftermål som bryter med barns rett til å være barn. For å bekjempe handel med og misbruk av barn er det også viktig at de som ikke respekterer barns rett til en fullverdig barndom, straffes. Regjeringens forslag til ny § 220 første ledd i straffeloven medfører at vi får en ny type lovhjæmmel for å bekjempe tvangsekteskap. Bestemmelsen vil ramme den som legger til rette for ekteskap med barn, uavhengig av om det faktisk er brukt tvang eller om påtalemyndigheten kan bevise slik tvang. En nærmere bevismessig vurdering av og dokumentasjon på at det har forekommet tvang, er ikke nødvendig når en av

partene var under 16 år ved ekteskapets inngåelse. Medvirkning til slikt ekteskap rammes også.

Etter komiteens vurdering er ovennevnte en god løsning, da det skal mye til at tilfeller av tvangsekteskap vil kunne avsløres med barnets hjelp når det er under 16 år. Lojaliteten til foreldrene blant de yngste er sterk. Den nye bestemmelsen gjør det også bevismessig enklere. Den vil ramme arrangerte ekteskap og tvangsekteskap uten at det er nødvendig å påvise tvang i juridisk forstand. Dette er etter komiteens oppfatning positivt og nødvendig. Komiteen vil fremheve at det er viktig å ha bestemmelser som rammer de mest alvorlige tilfeller av arrangerte barneekteskap.

Komiteen er enig med departementet i at tilretteleggingen av ekteskap med barn er straffverdig, uavhengig av om det er utøvet noen form for tvang eller trusler. Aldersgrensen på 16 år harmonerer etter komiteens syn godt med annen lovgivning.

#### **4. ANDRE ENDRINGAR I STRAFFELOVA**

##### **4.1 Skjerping av strafferamma i § 155 om påføring av smitte**

###### ***Samandrag***

Straffelova § 155 rettar seg mot den som "med skjellig grunn til å tro at han er smitteførende med en allmennfarlig smittsom sykdom, forsettlig eller uaktsomt overfører smitte eller utsetter en annan for fare for å bli smittet". Strafferamma er fengsel inntil 3 år.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å skjerpe strafferamma i § 155 til 6 eller 8 års fengsel.

Fleirtalet av høyringsinstansane er samde i at strafferamma i straffelova § 155 bør hevast, men har noko ulikt syn på kor høg lengstestrafva bør vere. Nokre av dei høyringsinstansane som går inn for å skjerpe strafferamma, reiser spørsmål om dette berre bør gjelde ved forsettlege handlingar.

På bakgrunn av høyringa meiner departementet at strafferamma i § 155 bør hevast. Departementet har kome til at det i denne omgangen må vere tilstrekkeleg at strafferamma hevast til fengsel inntil 6 år, som trass alt er ei dobling, samanlikna med den noverande strafferamma. Ein tilsikta konsekvens med å heve strafferamma er at foreldingsfristen i slike saker blir lengre. Dette er viktig, fordi det kan ta tid før den fornærma oppdagar at han eller ho har blitt smitta. Departementet går inn for at fengsel inntil 6 år berre skal kunne nyttast ved forsettlege handlingar, likevel slik at det framleis skal vere tilstrekkeleg med skjellig grunn til å tru at ein sjølv er smitteberande.

###### ***Merknader frå komiteen***

Komiteen støtter den foreslåtte økning i strafferammen ved overføring av allmennfarlig smittsom sykdom.

##### **4.2 Skjerping av strafferamma i § 390 a om omsynslaus framferd**

###### ***Samandrag***

Straffeloven § 390 a rettar seg mot den som "ved skremmende eller plagsom opptreden eller annen hensynsløs atferd krenker en annens fred eller som medvirker hertil". Strafferamma i § 390 a er bøter eller fengsel inntil 6 månader. Rettspraksis har vist at dette er noko lågt.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å skjerpe strafferamma i § 390 a, til dømes til fengsel inntil 2 år.

Forslaget om å heve strafferamma i straffelova § 390 a til 2 års fengsel får støtte av ei rekkje høyringsinstansar. Ingen av dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet, går mot forslaget om å heve strafferamma.

Høyringa har vist at det er behov for å heve strafferamma i straffelova § 390 a. Departementet meiner at bøter eller fengsel inntil 2 år vil vere ei passe strafferamme. Departementet held difor fast ved forslaget i høyringsnotatet.

###### ***Merknader frå komiteen***

Komiteen mener psykisk vold og trakassering er alvorlig og inngripende for dem det rammer. Komiteen støtter derfor forslaget om å øke strafferammen til 2 år. En økning av strafferammen vil ikke alene hjelpe dem som lever under frykt og trusler fra andre. Komiteen vil derfor understreke viktigheten av at samfunnet stiller opp for dem som rammes av hensynsløs adferd.

#### **5. ENDRINGAR I VALDSOFFERERSTATNINGSLOVA**

###### ***Samandrag***

Ordninga med valdsoffererstatning frå staten er regulert av valdsoffererstatningsloven. Regjeringa har gått inn for å sentralisere behandlinga av valdsoffersøknader i første instans til eit nytt kontor i Vardø, jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Justisdepartementet sende på høyring eit forslag til lov om endringar i valdsoffererstatningslova. I høyringsbrevet foreslo departementet at den nye førsteinstansen skal kallast Kontoret for valdsoffererstatningssaker. Departementet foreslo vidare at valdsoffererstatningslova blir endra slik at alle oppgaver som etter den noverande lova høyrer under fyl-

kesmannsembeta, no skal høyre under den sentrale førsteinstansen i Vardø.

Fleirtalet av høyringsinstansane er positive til endringsforslaget, men enkelte høyringsinstansar uttrykker skepsis. Fleire av høyringsinstansane etterlyser overgangsreglar.

Departementet er ikkje samd i at rettstryggleiken til søkjarane vil bli skadelidande om ein samlar hand-saminga av sakene i eitt forvaltningsorgan. Den rettleiinga som no blir gjeve av det enkelte fylkesmannsembetet, vil andre organ kunne gje. Å samle sakene i eitt organ vil dessutan føre til ein meir einsarta praksis i førsteinstansen. Departementet ser at det er behov for å klargjere korleis avviklinga av sakene i fylkesmannsembeta skal skje. Departementet tenkjer dette ordna slik at fylkesmannsembeta tek imot søknader fram til den dagen då lova blir sett i kraft, og at saker som er komne inn til fylkesmannsembeta før dette skjeringsstidspunktet, skal behandlast ferdig der. Frå og med den dagen då endringa blir sett i kraft, skal søknadene rettast til Kontoret for valdsoffererstatning.

### Merknader frå komiteen

Hensynet til ensartet praksis gjør at komiteen i likhet med flertallet av høyringsinstansene ser klare fordeler ved å sentralisere behandlingen av valdsoffererstatningssøknadene i første instans. Komiteen har ingen merknader til de foreslåtte endringer i valdsoffererstatningsloven. Komiteen ser positivt på at Kontoret for valdsoffererstatning er tenkt lagt til Vardø, jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003).

## 6. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

Endringane i straffelova vil dels kunne føre til at fleire saker blir forfølgde, dels til at straffenivået blir høgare. Dette kan gje noko meirarbeid for påtalemakta og domstolane. Dessutan vil iverksetjinga av strengare dommar føre til ei viss meirbelastning på kriminalomsorgen. Elles legg departementet til grunn at dei foreslåtte lovendingane i straffelova ikkje vil ha vesentlege administrative og økonomiske konsekvensar.

Til forslaget om endringar i valdsoffererstatningslova, knyter det seg investeringskostnader i storleiken 2 mill. kroner til etableringa av det nye kontoret. Driftsutgiftene til kontoret i Vardø vil bli overførte frå fylkesmannsembeta. Arbeids- og administrasjonsdepartementet har rekna dette til ca. 15 stillingar.

## 7. FORSLAG FRÅ MINDRETAL

### Forslag fra Sosialistisk Venstreparti:

1. Stortinget ber Regjeringen opprette en internasjonal avdeling i barnevernet.
2. Stortinget ber Regjeringen legge til grunn at vigsel kun skal utføres av notarius publicus (dommer i tingretten) med utgangspunkt i dagens borgerlige vigsel.

## 8. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til proposisjonen og til det som står foran og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endringar i straffelova mv. (styrka innsats mot tvangsekteskap mv.)

I

I straffelova 22. mai 1902 nr. 10 blir det gjort følgende endringar:

I § 12 første ledd nr. 3 bokstav a blir «192 til 195, 197 til 199» endra til *192 til 199*.

I § 12 første ledd nr. 4 bokstav a blir «220» endra til *220 annet og tredje ledd*.

§ 155 skal lyde:

Den som med skjellig grunn til å tro at han er smitteførende med en allmennfarlig smittsom sykdom, forsettlig eller uaktsomt overfører smitte eller utsetter en annen for fare for å bli smittet, straffes med fengsel inntil 6 år ved forsettlig overtredelse og med fengsel inntil 3 år ved uaktsom overtredelse. Medvirkning straffes på samme måte. Er fornærmede den skyldiges nærmeste, finner offentlig påtale bare sted etter fornærmedes begjæring med mindre allmenne hensyn krever det.

§ 220 nytt første ledd skal lyde:

*Den som inngår ekteskap eller partnerskap med noen som er under 16 år, eller medvirker til dette, straffes med fengsel inntil 4 år. Villfarelse om alder utelukker bare straffskyld dersom ingen uaktsomhet foreligger i så måte. Straff kan falle bort for ektefeller eller partnere som er omtrent jevnbyrdige i alder og utvikling.*

Nåværende første og andre ledd blir andre og nytt tredje ledd.

§ 222 nytt annet ledd skal lyde:

*For tvangsekteskap straffes den som ved vold, frihetsberøvelse, utilbørlig press eller annen rettsstridig atferd eller ved å true med slik atferd tvinger noen til å inngå ekteskap. Straffen for tvangsekteskap er fengsel inntil 6 år. Medvirkning straffes på samme måte.*

Nåværende annet ledd blir tredje ledd.

Nåværende tredje ledd blir oppheva.

§ 227 andre ledd blir oppheva.

§ 390 a første ledd skal lyde:

Den som ved skremmende eller plagsom opptreden eller annen hensynsløs atferd krenker en annens fred eller som medvirker hertil straffes med bøter eller fengsel inntil 2 år.

## II

I lov 20. april 2001 nr. 13 om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling (voldsoffererstatningsloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 3 første og andre ledd skal lyde:

Voldsoffererstatning tilkjennes etter søknad. Søknaden fremsettes for *Kontoret for voldsoffererstatning* på skjema fastsatt av departementet. Departementet kan fastsette nærmere regler om søknadens innhold.

Søknaden må være fremsatt for *Kontoret for voldsoffererstatning* før erstatningskravet mot skadevolderen er foreldet etter reglene i foreldelsesloven. Det er likevel tilstrekkelig at søknaden fremsettes før skadevolderens eventuelle straffansvar er foreldet etter reglene i straffeloven.

§ 13 skal lyde:

§ 13 Avgjørelsesmyndighet

Søknader om voldsoffererstatning avgjøres av *Kontoret for voldsoffererstatning*.

Erstatningsnemnda for volds ofre er klageinstans for *vedtak fattet av Kontoret for voldsoffererstatning* etter loven her. Nemnda har en leder og en varaleder og to medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av departementet for 4 år av gangen. Lederen og varalederen skal ha juridisk embetseksamen.

§ 15 tredje ledd skal lyde:

*Kontoret for voldsoffererstatning* avgjør om det skal søkes regress og treffer i tilfelle vedtak om det.

§ 16 andre ledd skal lyde:

*Kontoret for voldsoffererstatning* avgjør om det skal kreves tilbakebetaling og treffer i tilfelle vedtak om det.

## III

Loven trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Dei einskilde føresegnene i lova kan tre i kraft til ulik tid.

Oslo, i justiskomiteen, den 3. juni 2003

**Trond Helleland**  
leiar

**Linda Cathrine Hofstad**  
ordførar